

På død og liv med branntroppen !

03.02.2020



Uskedal helselag bed politikarane tenkja både med hjarta og hovudet i saka om brannstasjon i bygda (Arkivfoto 2017).

Uskedal helselag har jobba jamnt og trutt i over 100 år. Heile tida har laget vore oppteke av helsefremjande og -førebyggjande tiltak i den flotte bygda vår. Vi har mellom anna vore med å arrangert helsedag ved Uskedal skule, og sponsa førstehjelpskurs for elevane ved Rosendal Ungdomsskule. Elevane fekk då læra kor viktig det er med akutt førstehjelp.

Branntroppen i Uskedalen er utstyrt med hjartestartar, og har god opplæring på førsterespons ved ulykker og hjartestans. Troppen er kursa av Norsk Luftambulanse. Når ein fell om med hjartestans, er tidlig HLR og defibrillering avgjerande for utfallet. For kvart minutt som går minkar sjansen for å overleva med opp mot 10%.

Når no kommunedirektøren vil leggja ned Brannstasjonen vår, er det som om vi rykkjer attende til start - 100 år tilbake i tid. At kommunen vår er langstrakt, jau, det veit alle. Men veit kommunedirektøren at bygda vår strekkjer seg ei god mil sydover og opp til Fjellandsbø?

Det vert lange minuttar når ein då ventar på hjelp. Uskedal helselag vil herved, på det varmaste oppmoda kommunedirektøren og politikarane, til å tenkje med både hjarta og hovudet, når dei vurderer ei såpass livsviktig sak.

Styret i Uskedal helselag

Tekst: Uskedal Helselag
Bringedal

Foto/nett: Kristian